

## Møtereferat

|             |  |                                   |
|-------------|--|-----------------------------------|
| Emne:       | <b>Styringsgruppa Regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger</b>   |                                   |
| Til stades: | Kjell Håland, Wenche Tislevoll, Odd Harald Hovland, Jostein Ljones, Kjartan Innbjo<br>Frå administrasjonen: Bård Sandal, Eva Katrine R. Taule<br>Frå Akvator: Karoline Eldøy, Turid Verdal |                                   |
| Forfall:    | Anne-Beth Njærheim, Arne Bergsvåg  | Sak: 2014/11042-26                |
| Møtetid:    | 17. juni 2016  | Møtestad: Kunnskapshuset, Leirvik |

Møteleiar: Kjell Håland  
Referent: Turid Verdal

### Agenda:

1. Ny styringsgruppe - presentasjon
2. Høyringsforslaget – presentasjon
3. Høyringsinnspela – kort gjennomgang
4. Forslag til endringar i planen med alternativ – gjennomgang og diskusjon
5. Vidare framdrift (vert lagt fram i møtet)

### 1. Ny styringsgruppe

Den nye styringsgruppa er samansett av:

- Kjell Håland - leiar (Nestleiar Utval for kultur, idrett og regional utvikling, HFK )
- Wenche Tislevoll (Ordførar i Fitjar, representerer SRS)
- Odd Harald Hovland(Ordførar i Bømlø, representerer SRS)
- Jostein Ljones (Ordførar i Kvam)
- Kjartan Innbjo (Utvalseiar Vindafjord kommune)
- Arne Bergsvåg (Fylkesutvalet Rogaland)
- Anne-Beth Njærheim (Fylkesutvalet Hordaland)

### 2. Høyringsforslag

Eva Katrine hadde grundig gjennomgang av bakgrunn for planframlegget til høyring.

Det vart peika på at utarbeiding av planframlegget mht til ein del sentrale punkt er forankra i vedtatt planprogram, t.d. behov for plankart, fokus på laks og aure, omsyn til landskap, natur, friluftsområde og kulturminne/-miljø.

Planen må sjåast på som eit verkty for kommunal kystsonoplanlegging. Retningslinene balanserer bruk og vern, og gir både handlingsrom og avgrensingar for vidare utvikling i kommunane.

### Akvakultur:

Det eksisterande kunnskapsnivået gir ikkje svar på bonitet og kva område som er særskilt godt eigna for akvakulturnæringa. Det er særskilt kjennskap til straum, havbotn og temperatur etc som er avgrensa og mangelfull. Det er definert tiltak i handlingsplan knytt til dette punktet.

Ulike forskingsmiljø har ulike meiningar om næringa sine utfordringar, ref. Gjøvik-rapporten. Planen tek utgangspunkt i og har nytta kjent og akseptert forskingsresultat/rapportar frå nasjonale aktørar som til dømes Havforskningsinstituttet (HI), Veterinærinstituttet og Uni Resarch.

Det er viktig at planen opnar for vidareutvikling av næringa, som er i ei rivande utvikling både med omsyn til teknologi og type artar. Den regionale kystsonenplanen gir ikkje føringar for type art eller type teknologi. Det er fokusert på arealsituasjonen, ikkje naturgjeve eignaheit.

Mange akvakulturlokaltetar har kome til gjennom dispensasjonar. Gjennom eit sterkare fokus på og krav til planavklaring har næringa og kommunane utfordringar når kommuneplanen sin arealdel ikkje er oppdatert. Fleire kommunar avventar den regionale kystsonenplanen og den interkommunale strandsoneplanen før dei startar rullering av arealdelen og eigne sjøareal, t.d. Fitjar øyaplanen, Fusa, samt den interkommunale strandsoneplanen. Det er såleis viktig med god framdrift i planarbeidet for å sikra vedtak i løpet av 2016.

Plankart og arealsoner er retningsgjevande. Det er lagt opp til store soner der retningslinene skal detaljera og gi føringar for innhald. Plankartet er metodisk basert, med bakgrunn i arealanalyse, og lite bruk av skjønn. Har vore konsensus om metode, men mogleg ikkje alle har sett resultatet av denne tilnærminga før forslag til plankart ligg på bordet. Plankart og metode er difor kommentert av fleire høringspartar.

### **3. Høringsinnspela**

44 skriftlege innspel. 9 kommunar, SRS, 5 regionale etatar, 16 næringsaktørar (akvakultur) og 13 andre aktørar. Karoline hadde ein kort gjennomgang av dei ulike innspela.

Innspela speglar den vanskelege grensegangen mellom ulike perspektiv – bruk/vern og ein plan for/mot akvakulturnæringa. Bærekraftperspektivet kan vera ulikt for store og små næringsaktørar. Det er i regional kystsonenplan avsett meir areal til akvakultur enn dagens situasjon i kommuneplanane, men planen kan ikkje gi svar på om areala er fullt ut brukande for næringa.

### **4. Forslag til endringar i planen med alternativ**

#### 1. Akvakultur i plankart, 3 alternativ vart framstilt i møtet.

Alternativ 1 og 2 gir ikkje behov for ny offentleg høyring (intern høyring med prosjektgruppa + prosess med kommunane). Alternativ 3 utløyser behov for ny offentleg høyring. Alternativ 3 er i mindre grad arealavklart, og gir meir arbeid for kommunane sin rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Behov for å inkludere kommunane i denne delen av prosessen. Relevant i denne samanhengen å spørje kommunane kva dei meiner om gamle utdaterte akvakulturområde.

Frå styringsgruppa vart det kommentert at planarbeidet er eit pilotprosjekt og ei næring i rask utvikling. Det kan koma opp behov for at planen vert rullert tidlegare enn planperioden på 12 år.

|  |
|--|
| <p><b>Styringsgruppa</b> gjekk samrøystes inn for at administrasjonen jobbar vidare med alternativ 2. Dette alternativet møter i noko grad innspela om meir areal og fleksibilitet, samstundes som ein har ei arealavklaring for sjøområda. Alternativ 2 balanserer bruk/vern tilfredsstillande. Alternativ 3 gir for store inngrep.</p> |
|--|

## 2. Omsynssoner LNFK = arealsone landskap

Dei føreslegne omsynssonene frå høyringsutkastet er justert. Turid presenterte forslag til nye avgrensingar der mellom anna godkjente akvakulturlokalitetar og kommuneplanavklarte akvakulturområde er tekne ut.

Diskusjon kring omsynssona for Fitjarøyane med utgangspunkt i konkrete konsekvensar for ein liten næringsaktør.

Det vart kommentert at omsynssonene kan verta sett på som juridiske soner frå fylkesmannen sitt perspektiv. Dei er retningsgjevande, men i praksis vert de sett på som juridiske soner. Viktig å signalisere tydeleg kva dei omfattar og kva «restriksjonar» som ligg i dei.

**Styringsgruppa** var positive til metodisk tilnærming for å justere omsynssonene. Positiv til å inkludere Romsøyane og ta ut Fjellberg-Borgundøy.

Styringsgruppa hadde ein diskusjon rundt å ta ut og legge til nye omsynssoner utan ny høyring og konkluderte med at det var akseptabelt.

## 3. Retningslinjer

Det er viktig at retningslinjene vert revidert og tydeleggjort for vidare utvikling og handlingsrom for kommunane.

Det vart understreka viktigheita av samordning av retningslinjer for strandsona med den interkommunale planen for strandsona. Regionalplanen skal ha eit overordna perspektiv. Ein vil sjå på om dei mest detaljerte retningslinjene kan overlatast til den interkommunale planen.

Innspel om å sei noko om kven har ansvar for brakklagde anlegg i sjø.

**Styringsgruppa** ber administrasjonen revidere retningslinjene og legge desse fram for styringsgruppa.

## 4. «Kjerneområde akvakultur»

Det er vurdert å innføre omgrepet kjerneområde for akvakultur for å synleggjere dei område som skal sikrast og prioriterast for denne næringa. Kan dette vera svar på innspela som er kome ifht å sikre matproduksjon i sjø på same måten som for matproduksjon på land? Utfordrande å vise dette utan å kjenne til dei naturgitteforholda som er grunnlag for å definere kjerneområde akvakultur.

**Styringsgruppa** meinte det var for tidleg å implementere dette plangrepet då dette bør ha samanheng med eigna lokalitetar (bonitet). Det bør vere ei framtidig målsetjing og at vidare arbeid med kjerneområde akvakultur vert teke inn i handlingsplanen.

Område for «Havgåande anlegg» utanfor Bømlo og Austevoll vert teke med vidare.

## 5. Teiknereglar

Det vart informert om utfordringar knytt til teiknereglar på regionalt plannivå. Desse er under revisjon og fylkeskommunen vil utarbeida eit notat til departementet med innspel til forbetring.

## 6. Handlingsplanen

Handlingsplanen vert revidert og sendt til styringsgruppa for gjennomgang.

## **5. Vidare framdrift**

Viktig med god prosess med kommunane både administrativt og politisk.

Behov for å sikre god dialog med kommunane framover slik at dei forstår kystsoneplanen og korleis dei skal forholde seg til den i si kommuneplanlegging. Behov for møte med kvar enkelt kommune.

Det er ønske om møte med Samarbeidsrådet for Sunnhordland, samt invitere inn Fusa, Jondal, Kvam og Vindafjord. Her vil ein presentere planen fagleg, og samstundes ha politisk prosess.

- Prosessmøter med kommunane i slutten av august
- Nytt styringsgruppemøte: fredag 2. september\* kl. 1000-1400 om behov for 4 timar (utsending av dokument 1 veke før)
- Møte med Samarbeidsrådet + Jondal, Kvam og Vindafjord, 8-9 september (Skånevik)

Politiske vedtak i:

- Utval for miljø og samferdsel, MISA
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling, KIRU
- Fylkesutvala i Hordaland og Rogaland
- Fylkestinga i Hordaland og Rogaland 13-14.12

\* Ny dato for styringsgruppemøte i oktober.

Revidert framdrift 28.06.16:

| Veke | Dato       |                                   |
|------|------------|-----------------------------------|
| 45   | 08.11.     | Frist for ferdig politisk sak     |
| 48   | 29.11.     | Fylkesutvalet Rogaland            |
| 48   | 01.12.     | MISA                              |
| 49   | 06.12.     | KIRU                              |
| 49   | 08.12.     | Fylkesutvalet Hordaland           |
| 50   | 13.-14.12. | Fylkestinga Hordaland og Rogaland |